



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# Prop. 133 S

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

## Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 15. juni 2012,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### **1 Bakgrunn**

---

Ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 vart det vedteke å endre vedlegg II kapittel XII til EØS-avtala til òg å omfatte kommisjonsforordning (EF) nr. 282/2008 av 27. mars 2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, som endrar forordning (EF) nr. 2023/2006 om god framstillingspraksis for materiale og gjenstandar som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel.

Forordninga gjev Europakommisjonen fullmakt til å godkjenne søknader om å ta i bruk prosessar for resirkulering av plastmateriale som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, og har direkte innverknad på norske verksemder.

Avgjerda i EØS-komiteen vart teken med atterhald om samtykke frå Stortinget. Etersom gjennomføringa av forordninga inneber ei avgrensa form for overføring av styringsmakt, må Stortinget gje samtykke til godkjenning av avgjerda i

EØS-komiteen i medhald av § 26 andre leddet i Grunnlova.

Avgjerda i EØS-komiteen og forordninga i uoffisiell norsk omsetjing følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

### **2 Nærmare om forordninga**

---

Forordning (EF) nr. 282/2008 er vedteken med bakgrunn i forordning (EF) nr. 1935/2004, som er grunnrettsakta i regelverket til EU om materiale og gjenstandar som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel (matkontaktmateriale).

Ved forordning (EF) nr. 282/2008 vert det innført reglar for bruk og produksjon av resirkulert plast som matkontaktmateriale. Mellom anna vert det gjeve føresegnar om framgangsmåtar som skal følgjast for å søkje om godkjenning av resirkuleringsprosessar for plast til slik bruk. Desse reglane utdjupar det gjeldande regelverket om matkontaktmateriale med omsyn til resirkulert

Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel

plast. Resirkulering av drikkevareemballasje av plast i samband med returordningar for matemballasje er eit døme på ein prosess som vil verte omfatta av det nye regelverket.

I forordninga vert det slått fast at berre resirkulerte plastmateriale som er produserte gjennom resirkuleringsprosessar som er godkjende i medhald av framgangsmåtane i forordninga, kan omsetjast. Ifølgje desse framgangsmåtane skal verksemdar sende søknader om bruk av konkrete attvinningsprosessar til dei rette styresmaktene i landet. Den rette styresmakta sender søknaden vidare til Europakommisjonen, som skal få hjelp av Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (EFSA). EFSA er oppretta med grunnlag i forordning (EF) nr. 178/2002 (matlovforordninga), som er gjennomført i norsk rett ved forskrift 22. desember 2008 nr. 1620 om allmenne prinsipp og krav i næringsmiddelregelverket (matlovsforskrifta). Hovudoppgåva til EFSA er å vere eit uavhengig vitskapleg sentrum for framskaffing av vitskaplege vurderingar i saker som har direkte eller indirekte innverknad på næringsmiddeltryggleiken. Etter forordning (EF) nr. 282/2008 skal EFSA vurdere om prosessar som det er søkt om, sikrar at plastmateriale og -gjenstandar som vert produserte, er helsemessig trygge, og om dei medfører risiko for endringar i dei næringsmidla som dei vil kome i kontakt med. Deretter skal EFSA leggje fram ei tilråding for Europakommisjonen om kvar einskild søknad. På dette grunnlaget skal Europakommisjonen gjere vedtak om å innvilge eller avslå søknader.

### **2.1 Nærmare om overføring av vedtakskompetanse til Europakommisjonen**

Det er gjort framlegg om at Europakommisjonen skal vere vedtaksorgan for søknader frå norske verksemdar, fordi det verken vert rekna som naudsynt eller ønskjeleg at EFTA-organ får kompetanse til å utøve den forvaltingsstyringsmakta som forordninga legg til Europakommisjonen. Det er vanskeleg å sjå at noko organ innanfor EFTA-pilaren i EØS-avtala er eigna til å gjennomføre den typen vurderingar som forordninga legg til Europakommisjonen.

Det er særleg resirkulering av drikkevareemballasje i særskilde returordningar som det er venta søknader om. Det er venta at det vil kome få søknader både frå norske og andre verksemdar i samband med forordninga. Ein ventar at dei faglege vurderingane til EFSA i tilstrekkeleg grad

vil vareta omsynet til at resirkulerte plastmateriale ikkje skal utgjere ein fare for menneskehelsa.

Noreg er dessutan sikra eit visst høve til påverking gjennom deltaking i den arbeidsgruppa under Europakommisjonen som diskuterer vedtaka før dei vert endeleg fastsette, og gjennom dei høva som regelverket gjev til å be om at ei godkjenning vert vurdert på nytt.

## **3 Tilpassingstekst**

Det følgjer av protokoll 1 i EØS-avtala om gjennomgåande tilpassingar, at med mindre noko anna er fastsett, skal funksjonane til Europakommisjonen i samband med godkjenningsprosedyrar for EFTA-statane utførast av organ innanfor EFTA-pilaren. Ettersom det verken vert rekna som naudsynt eller ønskjeleg at EFTA-organ får slik kompetanse i dette tilfellet, er det i avgjerda i EØS-komiteen oppført ein tilpassingstekst om at Europakommisjonen skal ha denne kompetansen når det gjeld forordning (EF) nr. 282/2008.

## **4 Tilhøvet til norsk rett**

Forordning (EF) nr. 282/2008 overfører styringsmakt til Europakommisjonen. Det prinsipielle utgangspunktet for EØS-avtala er at vedtak av EU-organa (eller EFTA-organa) ikkje skal ha direkte verknad i Norge. Det er likevel vanleg meining at Stortinget etter § 26 andre leddet i Grunnlova kan gje samtykke til ei overføring av styringsmakt som er "lite inngripande".

Den konkrete overføringa av styringsmakt inneber at Europakommisjonen får styringsmakt til å gjere vedtak med direkte verknad i Noreg om innvilging av eller avslag på søknader både frå norske verksemdar og frå verksemdar i EU-statar.

I dette tilfellet gjeld overføringa av styringsmakt eit klart avgrensa område, og det er ikkje venta at det vil kome mange søknader frå Noreg. Industrien som produserer resirkulert plast, har opplyst at denne typen materiale i liten grad vert nytta i kontakt med matprodukt i Noreg. Norsk næringsmiddelemballasjeindustri nyttar i dag stort sett ikkje-resirkulert plast i produksjonen sin.

Noreg er vidare sikra eit visst høve til å påverke avgjerdene til Europakommisjonen, både gjennom deltaking i den arbeidsgruppa under Kommisjonen som diskuterer vedtaka før dei vert endeleg fastsette, og gjennom dei høva som regel-

Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel

verket gjev til å be om at ei godkjenning vert teken opp til ny vurdering.

Overføringa av styringsmakt i medhald av forordninga vert følgjeleg vurdert til å vere "lite inn-gripande" samla sett, slik at det vert rekna som tilstrekkeleg at Stortinget sitt samtykke til godkjenning av avgjerda i EØS-komiteen vert innhenta i medhald av § 26 andre leddet i Grunnlova.

Det norske regelverket for materiale og gjenstandar som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, er gjevne i forskrift 21. desember 1993 nr. 1381 (matkontaktforskrifta). Gjennomføringa av forordninga i norsk rett vil gjere det naudsynt med ei forskriftsendring.

## 5 Økonomiske og administrative konsekvensar

---

Mattilsynet må vidaresende søknader om godkjenning av prosessar for resirkulering av plast til Europakommisjonen, i tillegg til å revidere og føre tilsyn med verksemdar som er omfatta av slike godkjenningar, og føre tilsyn med plast for å kontrollere at produkta kjem frå godkjende attvinningsprosessar. Dette vil inngå i det løpande arbeidet til Mattilsynet, og er ikkje venta å føre til nemnande økonomiske eller administrative konsekvensar.

Dei få industriverksemdene som nyttar resirkulert plast som matkontaktmateriale, vil etter innlemminga av forordning (EF) nr. 282/2008 i EØS-avtala måtte utarbeide ein søknad om godkjenning til Kommisjonen.

Verksemdene må etablere eit kvalitetssystem som òg omfattar den delen av verksemda som produserer dei resirkulerte plastmateriala. Avhengig av graden av kontroll med råvarene (inputkontroll) og graden av reinsing og så vidare, vil verksemdene òg måtte justere produksjonen til å oppfylle krava i forordninga.

## 6 Vurdering

---

Ved bruk av matkontaktmateriale av resirkulert plast kan det vere ein risiko for at plasten ureinar matprodukt. Eit av dei viktigaste omsyna bak forordning (EF) nr. 282/2008 er difor å regulere resirkuleringsprosessar for å sikre at resirkulerte plastmateriale ikkje utgjer ein fare for menneskehelsa. Forordninga skal òg harmonisere regelverket for resirkulerte plastmateriale over landegrensene, og leggje til rette for fri rørsle for slike varer på den indre marknaden. Eit tredje omsyn er at resirkulering av plastmateriale er energisparande og kan medverke til meir miljøvennleg bruk av tilgjengelege ressursar.

Innlemminga av forordning (EF) nr. 282/2008 i EØS-avtala vil medverke til ei harmonisert regulering av dette området i EU- og EØS-EFTA-statane. Forordninga tek omsyn til behovet for å ta vare på menneskehelsa, legg til rette for fritt varebyte og medverkar til å fremje miljøvennleg ombruk.

Helse- og omsorgsdepartementet tilrår at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av kommisjonsforordning (EF) nr. 282/2008 av 27. mars 2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, som endrar forordning (EF) nr. 2023/2006 om god framstillingspraksis for materiale og gjenstandar som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel.

Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### **til vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel**

#### I

Stortinget gjev samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel.

---

## Vedlegg 1

# Avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 129/2011 av 2. desember 2011<sup>1</sup>.
- 2) Kommisjonsforordning (EF) nr. 282/2008 av 27. mars 2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, og om endring av forordning (EF) nr. 2023/2006<sup>2</sup> skal takast inn i avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om næringsmiddel. Føresegner om næringsmiddel skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

### Artikkel 1

I vedlegg II kapittel XII til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 54zzzb (kommisjonsforordning (EF) nr. 2023/2006) vert følgjande lagt til:  
", som endret ved:  
– **32008R0282:** (Kommisjonsforordning (EF) nr. 282/2008 av 27. mars 2008 (EUT L 86 av 28.3.2008, s. 9)."

2. Etter nr. 55 Kommisjonsforordning (EU) nr. 10/2011 skal nytt nr. 56 lyde:

"56. **32008R0282:** Kommisjonsforordning (EF) nr. 282/2008 av 27. mars 2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, og om endring av forordning (EF) nr. 2023/2006 (EUT L 86 av 28.3.2008, s. 9).

Forordningens bestemmelser skal for denne avtales formål gjelde med følgjande tilpassing:

Avtalens protokoll 1 nr. 4 bokstav d) får ikke anvendelse for forordningens artikkel 6."

### Artikkel 2

Teksta til forordning (EF) nr. 282/2008 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

### Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 11. februar 2012, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>3</sup>.

### Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 10. februar 2012

For EØS-komiteen  
*Gianluca Grippa*  
Fungerande formann

<sup>1</sup> TEU L 76 av 15.3.2012, s. 12, og EØS-tillegget til TEU nr. 15 av 15.3.2012, s. 14.

<sup>2</sup> TEU L 86 av 28.3.2008, s. 9.

<sup>3</sup> Forfatningsrettslege krav oppgjevne.

## Vedlegg 2

# Kommisjonsforordning (EF) nr. 282/2008 av 27. mars 2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, og om endring av forordning (EF) nr. 2023/2006

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellelesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1935/2004 av 27. oktober 2004 om materialer og gjenstander beregnet på å komme i kontakt med næringsmidler<sup>1</sup> og om oppheving av direktiv 80/590/EØF og 89/109/EØF, særleg artikkel 5 nr. 1, og

etter å ha rådspurt Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik («styresmakta»), og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Europaparlaments- og rådsdirektiv 94/62/EF av 20. desember 1994 om emballasje og emballasjeavfall<sup>2</sup> fremjar attvinning og forbrenning i avfallsforbrenningsanlegg med energiutvinning og resirkulering av emballasjeavfall.
- 2) I forordning (EF) nr. 1935/2004 er det fastsett allmenne prinsipp for å fjerne skilnadene mellom lovene i medlemsstatane med omsyn til materiale og gjenstandar som er i kontakt med næringsmiddel, og i artikkel 5 nr. 1 ) er det fastsett at det skal vedtakast særlege tiltak for grupper av materiale og gjenstandar. I medhald av den forordninga bør harmonisering av reglar om materiale og gjenstandar av resirkulert plast, prioriterast.
- 3) I kommisjonsdirektiv 2002/72/EF av 6. august 2002 om plastmaterialer og plastgjenstander beregnet på å komme i kontakt med næringsmidler<sup>3</sup> er det fastsett reglar for plastmateriale og plastgjenstandar som er

meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel.

- 4) Plastemballasjeavfall kan innehalde restar frå tidlegare bruk, ureinande stoff frå feilbruk og ureinande stoff frå stoff som ikkje er tillatne. Det bør difor fastsetjast særlege krav for å sikre at materiale og gjenstandar som er framstilte av resirkulert plast og som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, oppfyller krava i artikkel 3 i forordning (EF) nr. 1935/2004.
- 5) I kommisjonsforordning (EF) nr. 2023/2006 av 22. desember 2006 om god framstillingspraksis for materiale og gjenstandar som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel<sup>4</sup> er det fastsett reglar for god framstillingspraksis for grupper av materiale og gjenstandar som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, som er førde opp i vedlegg I til forordning (EF) nr. 1935/2004, og kombinasjonar av desse materiala og gjenstandane eller resikulerte materiale og gjenstandar som vert nytta i desse materiala og gjenstandane.
- 6) Plastavfall kan handsamast mekanisk for å framstille resikulerte materiale og gjenstandar eller det kan brytast ned til monomerar og oligomerar ved kjemisk depolymerisering. Monomerar og oligomerar som er eit resultat av kjemisk depolymerisering, bør ikkje handsamast på ein annan måte enn monomerar som er framstilte ved kjemisk syntese. Dei kjem difor inn under godkjenninga av monomerar og tilsetjingsstoff i direktiv 2002/72/EF og skal oppfyller dei spesifikasjonane og reinleikskriteria som er fastsette der. Dei vert difor ikkje omfatta av denne forordninga.

<sup>1</sup> TEU L 338 av 13.11.2004, s. 4.

<sup>2</sup> TEF L 365 av 31.12.1994, s. 10. Direktivet sist endra ved direktiv 2005/20/EF (TEU L 70 av 16.3.2005, s. 17).

<sup>3</sup> TEF L 220 av 15.8.2002, s. 18. Direktivet sist endra ved direktiv 2007/19/EF (TEU L 91 av 31.3.2007, s. 17).

<sup>4</sup> TEU L 384 av 29.12.2006, s. 75.

Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel

- 7) Avkapp og skrap frå framstillinga av plastmateriale som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, som ikkje har vore i kontakt med næringsmiddel eller på annan måte er vortne ureina og som vert omsmelta på staden til nye produkt eller selde til tredjemand som ein del av eit kvalitetskontrollsystem i samsvar med reglane for god framstillingspraksis som er fastsette i forordning (EF) nr. 2023/2006, vert rekna som eigna for kontakt med næringsmiddel og bør ikkje kome inn under verkeområdet til denne forordninga. Alt anna avskjer og skrap frå framstillinga av plastmateriale som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, bør kome inn under verkeområdet til denne forordninga.
- 8) Resirkulert plast som vert nytta bak ein funksjonell plastbarriere som definert i direktiv 2002/72/EF, bør ikkje omfattast av framgangsmåten for godkjenning i denne forordninga. Dei føresegnene som er fastsette i direktiv 2002/72/EF med omsyn til stoff som vert nytta bak ein funksjonell barriere, vert rekna som tilstrekkelege for å sikre tryggleiken også til resirkulert plast som vert nytta bak ein funksjonell barriere.
- 9) I direktiv 2002/72/EF er det fastsett lister over stoff som er godkjende for bruk i framstillinga av plastmateriale eller plastgjenstandar som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel. Tryggleiken til desse stoffa er vurdert og det er fastsett migrasjonsgrensar for trygg bruk av dei. For å sikre det same tryggleiksnivået for materiale og gjenstandar av resirkulert plast skal berre godkjende monomerar og tilsetjingsstoff tilsetjast den resirkulerte plasten og migrasjonsgrensene bør òg gjelde for resirkulerte plastmateriale som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel.
- 10) I direktiv 2002/72/EF er det fastsett at det skal utferdast ei samsvarsfråsegn og utarbeidast dokumentasjon for å sikre at relevante opplysningar om trygg bruk av plastmateriale vert overførte mellom driftsansvarlege og til dei rette styresmaktene. Desse allmenne reglane gjeld òg for resirkulert plast og bør difor òg nyttast på materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel.
- 11) Tryggleiken til materiale og gjenstandar av resirkulert plast kan berre sikrast ved å kombinere følgjande faktorar: eigenskapane til innsatsmateriala, sorteringseffektivitet og ein effektiv framgangsmåte for å minske ureining, alt sett i høve til kva den resirkulerte plasten skal nyttast til. Desse faktorane heng saman med kva type plast og resirkuleringsprosess som er nytta. Det er berre mogleg å vurdere alle desse aspekta saman i individuelle vurderingar av resirkuleringsprosessane, følgd av individuelle godkjenningar.
- 12) Tryggleiken til resirkulert plast kan berre sikrast dersom resirkuleringsprosessen gjer det mogleg å framstille resirkulert plast av reproduserbar kvalitet. Dette kan kontrollrast gjennom bruk av eit effektivt kvalitetsstrykkingssystem. Difor bør berre resirkulert plast frå ein resirkuleringsprosess som er styrt av eit effektivt kvalitetsstrykkingssystem, bringast i omsetning.
- 13) I direktiv 2002/72/EF er det fastsett ei liste over monomerar og utgangsstoff som er tillatne (positivliste), som vil seie at alle andre er utelukka, for bruk i framstillinga av plastmateriale og plastgjenstandar som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, og difor bør berre materiale og gjenstandar som oppfyller føresegnene i direktiv 2002/72/EF, nyttast i resirkuleringsprosessen. Dette kan oppnåast ved å sortere plastgjenstandane før resirkulering. For visse materiale, som til dømes polyolefin, kan det på grunn av dei fysiske-kjemiske eigenskapane deira, vere naudsynt med 100 % effektiv sortering for å sikre at den resirkulerte plasten oppfyller krava i artikkel 3 i forordning (EF) nr. 1935/2004. Denne sorteringseffektiviteten kan oppnåast i produktsyklusar innanfor ei lukka og kontrollert kjede. For andre materiale, til dømes PET, kan tryggleiken til den resirkulerte plasten sikrast med lågare sorteringseffektivitet ettersom han ved tidlegare bruk har vore i kontakt med næringsmiddel, som kan oppnåast med innsamlingssystem for hushaldsavfall. Den sorteringseffektiviteten som er naudsynt for kvart materiale bør fastsetjast for kvart enkelt tilfelle.
- 14) Plastavfall kan verte ureina av stoff frå tidlegare bruk eller tilfeldig feilbruk av plasten eller av stoff som kjem frå plast som ikkje er meint for å kome i kontakt med næringsmiddel. Ettersom det ikkje er råd å kjenne alle moglege typar ureining og ettersom ulike typar plast har ulike evner til å binde og frigjere ureiningar, er det ikkje mogleg å fastsetje eigenskapar ved sluttproduktet som skal gjelde for alle typar resirkulert plast. Ein

Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel

- kombinasjon av karakterisering av eigenskapane til innsatsmateriala saman med ein høveleg framgangsmåte for å fjerne moglege ureiningar er difor naudsynt for å ha kontroll med tryggleiken til sluttproduktet.
- 15) I den mekaniske handsaminga der plastavfallet vert malt til småbitar og reingjorde, er det svært viktig at desse ureiningane vert fjerna. Det må kunne visast at resirkuleringsprosessen effektivt kan minske den potensielle ureininga til eit nivå som ikkje utgjer ein fare for menneskehelsa. Ureiningane bør berre migrere på eit nivå som kan jamførast med eller som er godt under dei nivåa som er viste ved robustheitstestar av resirkuleringsprosessen eller ved andre høvelege analysemetodar, og bør oppfylle krava i artikkel 3 i forordning (EF) nr. 1935/2004. Gjennom ei tryggleiksvurdering bør det fastsetjast at resirkuleringsprosessen oppfyller desse kriteria. For materiale og gjenstandar som ikkje kan fyllast, som til dømes sprinkelkasser og pallar, som vert handsama i produktsyklusar innanfor ei lukka og kontrollert kjede der alle steg i framstillinga, distribusjonen og bruken vert kontrollerte, kan det vere tilstrekkeleg å prove at ureining kan utelukkast når desse produkta berre vert nytta i kontakt med tørrmat som til dømes frukt og grønsaker.
  - 16) Visse typar plastmateriale og plastgjenstandar som er framstilte av resirkulert plast, er berre eigna for å vere i kontakt med særskilde typar næringsmiddel på visse vilkår. Desse materiala og gjenstandane og høvelege vilkår for kontakt bør kartleggjast ved ei tryggleiksvurdering.
  - 17) Skilnader mellom nasjonale lover og forskrifter med omsyn til tryggleiksvurdering og godkjenning av resirkuleringsprosessar som vert nytta i framstillinga av materiale og gjenstandar som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, kan hindre fri rørsle for desse materiala og gjenstandane, noko som vil skape vilkår for ulik og illojal konkurranse. Det bør difor innførast ein framgangsmåte for godkjenning på grunnlag av den framgangsmåten for godkjenning som er fastsett i artikkel 9 til 12 i forordning (EF) nr. 1935/2004.
  - 18) Den framgangsmåten for godkjenning som er fastsett i artikkel 9 til 12 i forordning (EF) nr. 1935/2004, er meint for godkjenning av stoff. Endringar av den framgangsmåten bør innførast i denne forordninga for å tilpasse framgangsmåten for godkjenning til godkjenninga av resirkuleringsprosessar. Desse endringane gjeld særlege sakshandsamingsreglar som nemnt i artikkel 5 nr. 1 bokstav n) i forordning (EF) nr. 1935/2004.
  - 19) Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik («styresmakta») bør utføre ei tryggleiksvurdering av resirkuleringsprosessen. For å informere søkjaren om kva opplysningar som skal sendast inn for bruk i tryggleiksvurderinga, bør Styresmakta offentleggjere detaljerte retningslinjer for utarbeiding og innsending av søknaden.
  - 20) Etter tryggleiksvurderinga av resirkuleringsprosessen bør det gjerast eit risikohandsamingsvedtak om denne resirkuleringsprosessen kan godkjennast eller ikkje. Det vedtaket bør gjerast i samsvar med den framgangsmåten med forskriftsutval som er nemnt i artikkel 23 nr. 2 i forordning (EF) nr. 1935/2004, for å sikre eit nært samarbeid mellom medlemsstatane og Kommisjonen.
  - 21) Resirkuleringsprosessen er spesifikk for kvart føretak med omsyn til kva parameterar som vert nytta i teknologien og prosessen. Difor bør berre spesifikke prosessar godkjennast. Den framgangsmåten for godkjenning som er fastsett i artikkel 9 til 12 i forordning (EF) nr. 1935/2004, bør tilpassast.
  - 22) Det bør vere mogleg å nytte prosessen på ulike produksjonsstader så lenge den teknologien og dei parametrane som er omtala i søknaden og godkjenninga, vert nytta.
  - 23) Ålmenta bør informerast om dei godkjende resirkuleringsprosessane. For dette føremålet bør det opprettast eit fellesskapsregister, som nemnt i artikkel 5 nr. 1 bokstav m) i forordning (EF) nr. 1935/2004, over resirkuleringsprosessar som er godkjende i medhald av denne forordninga, medrekna ei utgreiing om bruksområdet for den platen som vert resirkulert etter den godkjende prosessen.
  - 24) Medlemsstaten bør inspisere og kontrollere resirkulerings- og foredlingsanlegget. Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 882/2004 av 29. april 2004 om offentlig kontroll for å sikre at førvare- og næringsmiddelregelverket samt bestemmelsene om dyrs helse og velferd overholdes<sup>5</sup> omfattar òg offentlig kontroll av materiale som kjem i

<sup>5</sup> TEU L 165 av 30.4.2004, s. 1. Retta i TEU L 191 av 28.5.2004, s. 1). Forordninga sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 180/2008 (TEU L 56 av 29.2.2008, s. 4).

Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel

kontakt med næringsmiddel. For å kontrollere om resirkuleringsprosessen vert nytta som spesifisert i godkjenninga og for å kontrollere om eit effektivt kvalitetstryggings-system er på plass, er det mest effektivt at dei rette styresmaktene gjennomfører revisjon av resirkuleringsanlegget. Difor bør offentlege kontrollar som vert utførde for å sikre samsvar med denne forordninga, omfatte revisjon som fastsett i artikkel 10 i forordning (EF) nr. 882/2004. Revisjonane bør gjennomførast på den mest mogleg kostnadseffektive måten med minst mogleg administrativ og økonomisk byrde for dei rette styresmaktene og dei små og mellomstore føretaka.

- 25) For å sikre effektiv kontroll bør medlemsstatane og Kommisjonen informerast om dei resirkulerings- eller produksjonsstadene der den godkjende resirkuleringsprosessen vert nytta.
- 26) Industrien bør kunne nemne på merkinga at emballasjen inneheld resirkulert plast. Forbrukarane skal likevel ikkje villeast av merkinga med omsyn til resirkulert innhald. I EN ISO 14021 er det er fastsett reglar for merking av resirkulert plast med omsyn til innhaldet av resirkulert plast. For å sikre høveleg informasjon til forbrukarane ved merkinga av resirkulert plast, bør dei følgje dei klare reglane som er fastsette i EN ISO 14021, eller tilsvarende reglar.
- 27) I artikkel 16 i forordning (EF) nr. 1935/2004 er det fastsett krav om ei samsvarsfråsegn for materiale og gjenstandar av resirkulert plast bør gje ei fråsegn om at han berre nyttar resirkulert plast som er framstilt ved ein godkjend prosess, og at sluttproduktet oppfyller dei fellesskapsføresegnene og nasjonale føresegnene som gjeld, særleg forordning (EF) nr. 1935/2004 og direktiv 2002/72/EF. Resirkuleraren bør gje foredlaren opplysningar om at den resirkulerte plasten er framstilt ved ein godkjend prosess og spesifisere bruksområdet for han. Difor bør ei samsvarsfråsegn sendast med både dei ferdige materiala og gjenstandane av resirkulert plast og den resirkulerte plasten. Dei allmenne opplysningane som fråsegna skal innehalde, er alt fastsette i direktiv 2002/72/EF. Denne forordninga bør difor berre spesifisere kva tilleggsopplysningar som skal gjevast om innhaldet av resirkulert plast i materiale og gjenstandar av resirkulert plast.

- 28) Ettersom resirkulerte materiale og gjenstandar allereie er på marknaden i medlemsstatane, bør det sikrast at overgangen til ein fellesskapsframgangsmåte for godkjenning vert smidig og ikkje forstyrrer den eksisterande marknaden for materiale og gjenstandar av resirkulert plast. Søkjarar bør få tilstrekkeleg med tid til å gjere tilgjengeleg for styresmakta dei opplysningane som er naudsynte for tryggleiksvurderinga av den resirkulerte plasten som vert nytta i slike produkt. Det bør difor fastsetjast eit visst tidsrom («den første godkjenningsfasen») der søkjarane bør sende inn opplysningar om eksisterande resirkuleringsprosessar til styresmakta. Søknader om godkjenning av nye resirkuleringsprosessar kan òg sendast inn i løpet av den første godkjenningsfasen. Styresmakta bør straks vurdere alle søknader både om eksisterande og nye resirkuleringsprosessar som det er sendt inn tilstrekkelege opplysningar om i løpet av den første godkjenningsfasen.
- 29) Det må fastsetjast særlege krav til det kvalitetstryggingssystemet som vert nytta i resirkuleringsprosessane. Ettersom kvalitetstrygginga er ein del av den gode framstillingspraksisen som kjem inn under forordning (EF) nr. 2023/2006, bør dei særskilde krava til kvalitetstryggingssystemet først opp i vedlegget til den forordninga.
- 30) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

#### Artikkel 1

#### Mål og verkeområde

1. Denne forordninga skal nyttast på plastmateriale og plastgjenstandar og delar av dei som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, som nemnt i artikkel 1 i direktiv 2002/72/EF, og som inneheld resirkulert plast (heretter kalla materiale og gjenstandar av resirkulert plast).
2. Denne forordninga skal ikkje nyttast på følgjande materiale og gjenstandar av resirkulert plast såframt dei er framstilte i samsvar med god framstillingspraksis som fastsett i forordning (EF) nr. 2023/2006:

Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel

- a) materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er produserte av monomerar og utgangsstoff som er framstilte ved kjemisk polymerisering av plastmateriale og plastgjenstandar,
  - b) materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er framstilte av unytta avskjer og skrap frå plastproduksjon i samsvar med direktiv 2002/72/EF, og som vert resirkulerte ved produksjonsanlegget eller som vert nytta ved eit anna anlegg,
  - c) materiale og gjenstandar av resirkulert plast der den resirkulerte plasten vert nytta bak ein funksjonell plastbarriere, som fastsett i direktiv 2002/72/EF.
3. Dei plastmateriala og plastgjenstandane som kjem inn under verkeområdet til denne forordninga, er òg omfatta av direktiv 2002/72/EF.

#### Artikkel 2

##### Definisjonar

1. For føremåla med denne forordninga skal dei definisjonane som er fastsette i forordning (EF) nr. 1935/2004 og direktiv 2002/72/EF, nyttast.
2. Vidare tyder:
  - a) «resirkuleringsprosess» ein framgangsmåte der plastavfall vert resirkulert i samsvar med definisjonen av resirkulering i nr. 7 i artikkel 3 i direktiv 94/62/EF om emballasje og emballasjeavfall. For føremålet med denne forordninga er denne termen avgrensa til prosessar der det vert framstilt resirkulert plast,
  - b) «innsatsmateriale av plast» plastmateriale og plastgjenstandar som er samla inn og sorterte etter bruk og nytta som innsatsmateriale i ein resirkuleringsprosess,
  - c) «produksyklusar innanfor ei lukka og kontrollert kjede» framstillings- og distribusjonssyklusar der produkt sirkulerer innanfor eit kontrollert ombruks- og distribusjonssystem, og der det resirkulerte materialet berre kjem frå desse einingane i kjeda slik at mengda av materiale som vert utilsikta innført utanfrå, er avgrensa til det teknisk minst moglege,
  - d) «robustheitstest» ei framsyning av kor effektivt ein resirkuleringsprosess fjernar kjemisk ureining frå plastmateriale eller plastgjenstandar,

- e) «foredlar» den fysiske eller juridiske personen som er ansvarleg for å sikre at krava i denne forordninga med omsyn til materiale og gjenstandar av resirkulert plast, er oppfylte i det føretaket som denne fysiske eller juridiske personen kontrollerer,
- f) «resirkulerar» den fysiske eller juridiske personen som er ansvarleg for å sikre at krava i denne forordninga med omsyn til resirkuleringsprosessen, er oppfylte i det føretaket som denne fysiske eller juridiske personen kontrollerer.

#### Artikkel 3

##### Krav til materiale og gjenstandar av resirkulert plast

1. Materiale og gjenstandar av resirkulert plast skal bringast i omsetning berre dersom dei innheld resirkulert plast frå ein resirkuleringsprosess som er godkjend i samsvar med denne forordninga.
2. Den godkjende resirkuleringsprosessen som er nemnd i nr. 1 i denne artikkelen, skal styrast ved hjelp av eit høveleg kvalitetstryggingssystem som sikrar at den resirkulerte plasten oppfyller dei krava som er fastsette i godkjenninga.

Kvalitetstryggingssystemet skal vere i samsvar med dei nærmare reglane som er fastsette i vedlegget til forordning (EF) nr. 2023/2006.

#### Artikkel 4

##### Vilkår for godkjenning av resirkuleringsprosessar

For å verte godkjend må ein resirkuleringsprosess oppfylle følgjande vilkår:

- a) kvaliteten til innsatsmaterialet av plast skal definerast og kontrollert i samsvar med kriterium som er fastsette på førehand og som sikrar at dei ferdige, resirkulerte plastmateriala og plastgjenstandane er i samsvar med artikkel 3 i forordning (EF) nr. 1935/2004,
- b) innsatsmaterialet av plast skal kome frå materiale og gjenstandar av plast som er framstilte i samsvar med fellesskapsregelverket for materiale og gjenstandar av plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, særleg rådsdirektiv 78/142/EØF av 30. januar 1978 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om materialer og gjenstandar som inneholder vinylkloridmonomer

Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel

og er beregnet på å komme i kontakt med næringsmidler<sup>6</sup> og direktiv 2002/72/EF,

- c)
- i) innsatsmaterialet skal kome frå ein produktcyklus innanfor ei lukka og kontrollert kjede som sikrar at berre materiale og gjenstandar som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, vert nytta og all ureining kan utelukkast, eller
  - ii) det må visast ved ein robustheitstest eller ved andre høvelege vitskaplege prov, at prosessen gjer det mogleg å minske ureininga av innsatsmaterialet av plast til ei mengd som ikkje utgjer ein fare for menneskehelse,
- d) kvaliteten til den resirkulerte platen skal definerast og kontrollerast i samsvar med kriterium som er fastsette på førehand og som sikrar at dei ferdige materiala og gjenstandane av resirkulert plast er i samsvar med artikkel 3 i forordning (EF) nr. 1935/2004,
- e) det skal fastsetjast bruksvilkår for den resirkulerte platen som skal sikre at materiala og gjenstandane av resirkulert plast oppfyller artikkel 3 i forordning (EF) nr. 1935/2004.

#### Artikkel 5

#### Søknad om godkjenning av resirkuleringsprosessen og fråsegn frå styresmakta

1. Den framgangsmåten for godkjenning som er fastsett i artikkel 9 og 10 i forordning (EF) nr. 1935/2004, skal nyttast tilsvarende for godkjenning av resirkuleringsprosessar, med atterhald for dei særlege føresegnene som er fastsette i nr. 2 til 4 i denne artikkelen.
2. Den tekniske dokumentasjonen skal innehalde dei opplysningane som er nemnde i retningslinjene for tryggleiksvurdering av ein resirkuleringsprosess, som styresmakta skal offentleggjere seinast seks månader etter den datoen då denne forordninga vart kunngjort.
3. Styresmakta skal innan seks månader etter at ho har motteke ein gyldig søknad gje ei fråsegn om resirkuleringsprosessen oppfyller vilkåra i artikkel 4 eller ikkje.

4. Dersom fråsegna er positiv til at den vurderte resirkuleringsprosessen vert godkjend, skal fråsegna frå styresmakta omfatte følgjande:
  - a) ei kort omtale av resirkuleringsprosessen,
  - b) eventuelle tilrådingar med omsyn til vilkår og restriksjonar for utgangsmaterialet av plast,
  - c) eventuelle tilrådingar med omsyn til vilkår og restriksjonar for resirkuleringsprosessen,
  - d) eventuelle kriterium for karakterisering av den resirkulerte platen,
  - e) eventuelle tilrådingar med omsyn til vilkåra for verkeområdet til den resirkulerte platen,
  - f) eventuelle tilrådingar for overvaking av at resirkuleringsprosessen oppfyller vilkåra i godkjenninga.

#### Artikkel 6

#### Godkjenning av resirkuleringsprosessar

1. Kommisjonen skal gjere eit vedtak retta til søkjaren der han tildeler eller avslår godkjenning av resirkuleringsprosessen.
 

Artikkel 11 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1935/2004 skal nyttast.
2. I vedtaket skal det takast omsyn til fråsegna frå styresmakta, relevante føresegnar i fellesskapsretten og andre faktorar som er viktige for det aktuelle tilfellet.
 

Dersom vedtaket ikkje er i samsvar med fråsegna frå styresmakta, skal Kommisjonen leggje fram ei grunngjeving for avvika.
3. Vedtaket om godkjenning skal omfatte følgjande:
  - a) namnet på resirkuleringsprosessen,
  - b) namnet og adressen til innehavaren/innehavarane av godkjenninga,
  - c) ei kort omtale av resirkuleringsprosessen,
  - d) eventuelle vilkår og restriksjonar for innsatsmaterialet av plast,
  - e) eventuelle vilkår og restriksjonar for resirkuleringsprosessen,
  - f) eventuell karakterisering av den resirkulerte platen,
  - g) eventuelle vilkår for verkeområdet til den resirkulerte platen som er framstilt i resirkuleringsprosessen,
  - h) eventuelle krav med omsyn til overvaking av at resirkuleringsprosessen oppfyller vilkåra i godkjenninga,
  - i) datoen då godkjenninga tek til å gjelde.

<sup>6</sup> TEF L 44 av 15.2.1978, s. 15.

Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel

4. Vedtaket om tildeling av eller avslag på godkjenninga skal offentleggjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*.

5. Den godkjenninga som vert tildelt innehavaren av godkjenninga, skal gjelde i heile Fellesskapet.

Den godkjende resirkuleringsprosessen skal først opp i det registeret som er nemnt i artikkel 9 nr. 1.

#### Artikkel 7

##### Plikter som følgjer av godkjenninga

1. Etter at resirkuleringsprosessen er vorten godkjend i samsvar med denne forordninga skal innehavaren av godkjenninga eller eventuelle andre driftsansvarlege som nyttar den godkjende resirkuleringsprosessen på lisens, etterleve alle vilkår og restriksjonar som er knytte til godkjenninga.

Alle foredlarar som nyttar resirkulert plast frå den godkjende resirkuleringsprosessen eller eventuelle driftsansvarlege som nyttar materiale eller gjenstandar som inneheld resirkulert plast frå den godkjende resirkuleringsprosessen, skal etterleve alle vilkår og restriksjonar som er knytte til godkjenninga.

2. Innehavaren av godkjenninga eller eventuelle andre driftsansvarlege som nyttar den godkjende resirkuleringsprosessen på lisens, skal straks melde frå til Kommisjonen om alle nye vitenskaplege og tekniske opplysningar som kan innverke på tryggleiksvurderinga av resirkuleringsprosessen med omsyn til menneskehelsa.

Om naudsynt skal styresmakta gå gjennom vurderinga på nytt.

3. Ei godkjenning skal ikkje påverke det allmenne skadebotansvaret og strafferettslege ansvaret som ein driftsansvarleg har med omsyn til resirkuleringsprosessen, materialet eller gjenstanden som inneheld resirkulert plast frå den godkjende resirkuleringsprosessen, og næringsmiddel som er i kontakt med slike materiale eller gjenstandar.

#### Artikkel 8

##### Endring, mellombels oppheving og tilbakekalling av godkjenninga av ein resirkuleringsprosess

1. Innehavaren av godkjenninga kan i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i

artikkel 5 nr. 1, søkje om ei endring av den eksisterande godkjenninga.

2. Følgjande skal vere lagd ved den søknaden som er nemnd i nr. 1:

- a) ei tilvising til den opprinnelege søknaden,
- b) teknisk dokumentasjon som inneheld dei nye opplysningane i samsvar med dei retninglinjene som er nemnde i artikkel 5 nr. 2,
- c) eit nytt fullstendig samandrag av den tekniske dokumentasjonen i eit standardisert format.

3. På eige initiativ eller på oppmoding frå ein medlemsstat eller Kommisjonen skal styresmakta, i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 5, når han vert nytta, vurdere om fråsegna eller godkjenninga framleis er i samsvar med denne forordninga.

4. Kommisjonen skal straks undersøkje fråsegna frå styresmakta og om naudsynt førebu eit utkast til vedtak.

5. I eit utkast til vedtak som endrar godkjenninga, skal alle naudsynte endringar i bruksvilkåra og eventuelt i restriksjonane som er knytte til den godkjenninga, først opp.

6. Der det er naudsynt skal godkjenninga endrast, mellombels opphevast eller tilbakekallast i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 6.

#### Artikkel 9

##### Fellesskapsregister

1. Kommisjonen skal opprette og halde ved lag eit fellesskapsregister over godkjende resirkuleringsprosessar.

2. Registeret skal gjerast tilgjengeleg for ålmenta.

3. Kvar oppføring i registeret skal innehalde dei opplysningane som er nemnde i artikkel 6 nr. 3.

#### Artikkel 10

##### Offentleg kontroll

1. Den offentlege kontrollen av eit resirkuleringsanlegg og eit foredlingsføretak skal gjerast i samsvar med dei reglane som er fastsette i forordning (EF) nr. 882/2004, og skal særleg omfatte revisjon som *kontrollteknikk*, som nemnt i artikkel 10 i forordning (EF) nr. 882/2004.

Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel

2. I den offentlege kontrollen skal det kontrollerast at resirkuleringsprosessen tilsvare den godkjende prosessen og at det er fastsett eit effektivt kvalitetstryggingssystem i samsvar med forordning (EF) nr. 2023/2006.
3. Innehavaren av godkjenninga skal melde frå til den rette styresmakta i medlemsstaten om den resirkulerings- eller produksjonsstaden der den godkjende resirkuleringsprosessen vert nytta. Medlemsstatane skal sende dei opplysningane vidare til Kommisjonen. Produksjons- eller resirkuleringsanlegg i tredjestatar skal meldast til Kommisjonen. Kommisjonen skal gjere tilgjengeleg og ajourføre eit register over resirkuleringsanlegg i Fellesskapet og i tredjestatar.
3. Kommisjonen skal gjere tilgjengeleg for ålmenta eit register over resirkuleringsprosessar som det er send inn ein gyldig søknad for i samsvar med nr. 2.
4. Styresmakta skal gje ei fråsegn om kvar resirkuleringsprosess som det er send inn ein gyldig søknad for, i løpet av det tidsrommet som er nemnt i nr. 2 i denne artikkelen. Fristen på seks månader for å gje fråsegna i samsvar med artikkel 5 nr. 3, skal ikkje nyttast.
5. Søknader som styresmakta ikkje kunne gje ei fråsegn om fordi søkjaren ikkje har etterlevd dei fristane som er fastsette for utfyllande opplysningar i samsvar med artikkel 10 nr. 2 i forordning (EF) nr. 1935/2004, skal ikkje vurderast for ei eventuell første godkjenning.
6. Innan seks månader etter at alle fråsegner som er nemnde i nr. 4, er mottekne, skal Kommisjonen sende inn til Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa for å få deira fråsegn, utkast til vedtak der han tildeleler eller avslår godkjenning av resirkuleringsprosessane som er nemnde i nr. 1.

#### Artikkel 11

##### **Merking av materiale og gjenstandar av resirkulert plast**

Ved frivillig opplysning om det resirkulerte innhaldet i materiale og gjenstandar av resirkulert plast skal dei reglane som er fastsette i ISO 14021:1999 eller tilsvarande, følgjast.

#### Artikkel 12

##### **Samsvarsfråsegn og dokumentasjon**

1. I tillegg til krava i artikkel 9 i direktiv 2002/72/EF, skal samsvarsfråsegna for materiale og gjenstandar av resirkulert plast innehalde dei opplysningane som er fastsette i del A i vedlegg I til denne forordninga.
2. I tillegg til krava i artikkel 9 i direktiv 2002/72/EF skal samsvarsfråsegna for resirkulert plast innehalde dei opplysningane som er fastsette i del B i vedlegg I til denne forordninga.

#### Artikkel 13

##### **Overgangstiltak for godkjenning av resirkuleringsprosessar**

1. I den første godkjenningsfasen for resirkuleringsprosessar skal den framgangsmåten som er fastsett artikkel 5, 6 og 7, nyttast med atterhald for nr. 2 til 6 i denne artikkelen.
2. Innan 18 månader etter at styresmakta har offentleggjort retningslinjene for tryggleiksvurderinga av ein resirkuleringsprosess som fastsett i artikkel 5 nr. 2, skal driftsansvarlege som søker godkjenning, sende inn søknad i samsvar med artikkel 5.

#### Artikkel 14

##### **Overgangstiltak for handel med og bruk av resirkulert plast**

1. Handel med og bruk av resirkulert plast frå ein resirkuleringsprosess som allereie eksisterer på den datoen då denne forordninga tek til å gjelde og som ikkje er godkjend eller som det ikkje er send inn ein gyldig søknad for i samsvar med artikkel 13, skal tillatast inntil seks månader etter den datoen då dei vedtaka som er nemnde i artikkel 13 nr. 6, vert gjorde.
2. Handel med og bruk av materiale og gjenstandar av resirkulert plast frå ein resirkuleringsprosess som allereie eksisterer på den datoen då denne forordninga tek til å gjelde og som ikkje er godkjend eller som det ikkje er send inn ein gyldig søknad for i samsvar med artikkel 13, skal tillatast inntil lagra er tømde.

#### Artikkel 15

##### **Endring av forordning (EF) nr. 2023/2006**

Vedlegget til forordning (EØF) nr. 2023/2006/EF vert endra i samsvar med vedlegg II til denne forordninga.

Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel

## Artikkel 16

### Iverksetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 3, 9, 10 og 12 skal likevel nyttast frå den datoen då dei vedtaka som er nemnde i artikkel 13 nr. 6, vert gjorde. Inntil den datoen skal gjeldande nasjonale føresegner om materiale og gjenstandar av resirkulert plast og resirkulert plast framleis nyttast i medlemsstatane.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 27. mars 2008.

*For Kommisjonen*  
Androulla VASSILIOU  
*Medlem av Kommisjonen*

## Vedlegg I

### DEL A

#### Tilleggsopplysningar i samsvarsfråsegna for materiale og gjenstandar av resirkulert plast

Den skriftlege fråsegna som er nemnd i artikkel 12 nr. 1, skal innehalde følgjande tilleggsopplysningar:

Ei fråsegn om at berre resirkulert plast frå ein godkjend resirkuleringsprosess er nytta, saman med EF-registernummeret til den godkjende resirkuleringsprosessen.

### DEL B

#### Tilleggsopplysningar i samsvarsfråsegna for resirkulert plast

Den skriftlege fråsegna som er nemnd i artikkel 12 nr. 2, skal innehalde følgjande tilleggsopplysningar:

1. Ei fråsegn om at resirkuleringsprosessen er godkjend saman med EF-registernummeret til den godkjende resirkuleringsprosessen.
2. Ei fråsegn om at innsatsmaterialet av plast, resirkuleringsframgangsmåten og den resirkulerte platen oppfyller dei spesifikasjonane som godkjenninga byggjer på.
3. Ei fråsegn om at det er oppretta eit kvalitetstryggingssystem i samsvar med avsnitt B i vedlegget til forordning (EF) nr. 2023/2006.

## Vedlegg II

I vedlegget til forordning (EF) nr. 2023/2006 vert det gjort følgjande endringar:

- 1) Etter overskrifta vert følgjande avsnittsoverskrift sett inn:  
«A. Trykkfargar»
  - 2) Nytt avsnitt B skal lyde:  
«B. *Kvalitetstryggingssystem for plastresirkuleringsprosessar som kjem inn under forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, og om endring av forordning (EF) nr. 2023/2006*
1. Det kvalitetstryggingssystemet som resirkuleraren har innført, skal gje tilstrekkeleg forsikring om at resirkuleringsprosessen sikrar at den resirkulerte platen oppfyller krava i godkjenninga.
  2. Alle faktorar, krav og føresegner som resirkuleraren har vedteke i samband med kvalitetstryggingssystemet sitt, skal dokumenterast på ein systematisk og ordentleg måte i form av skriftlege strategiar og framgangsmåtar.  
Denne dokumentasjonen over kvalitetstryggingssystemet skal gje høve til ei einsarta tolking av kvalitetsstrategien og -framgangsmåtane, som til dømes kvalitetsprogram, planar, handbøker, registreringar og tiltak for å sikre sporing.  
Dokumentasjonen skal særleg innehalde:
    - a) ei handbok for kvalitetsstrategiar med ein klar definisjon av kvalitetsmåla til resirkuleraren, organiseringa av verksemda og særleg organisasjonsstrukturen, ansvaret til den administrative leiinga og dei organisatoriske fullmaktene deira med omsyn til framstillinga av den resirkulerte platen,
    - b) planar for kvalitetskontroll, mellom anna for karakterisering av innsatsmateriale og resirkulert plast, kvalifikasjonane til leverandørar, prosessar for sortering, reingjering, djupreingjering, oppvarming eller alle andre delar av prosessen som verkar inn på kvaliteten til den resirkulerte platen, medrekna valet av punkt som er avgjerande for kvalitetskontrollen av resirkulert plast,
    - c) framgangsmåtar for forvaltning og drift som er gjennomførde for å overvake og kontrollere heile resirkuleringsprosessen, medrekna inspeksjons- og kvalitetstryggingsteknikkar i alle produksjonsledd, særleg fastsetjing av kritiske grenser på dei punkta

Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 9/2012 av 10. februar 2012 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EF) nr. 282/2008 om materiale og gjenstandar av resirkulert plast som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel

- som er avgjerande for kvaliteteten til den resirkulerte platen,
- d) metodar for overvaking av effektiviteten til kvalitetssystemet og særleg evna til å oppnå den ønskete kvaliteteten for den resirkulerte platen, medrekna kontroll av produkt som ikkje oppfyller krava,
- e) prøvingar og analyseprotokollar eller alle andre vitskapelege prov som er nytta før,
- under eller etter framstillinga av resirkulert plast, kor ofte dei vil verte utførde og kva prøvingsutstyr som vert nytta. Det skal vere mogleg å spore tilbake kalibreringa av prøvingsutstyret,
- f) dei dokumentasjonsverktøya som vert nytta.»

---

---

